



Rekneskapsrapport pr. juli 2022

Saksbehandlar:
Ingrid Karin Kaalaas

Arkivkode:
210

Arkivsaksnr.:
22/2662

JournalpostID:
22/54171

Saksnr:	Utval: Bjørnafjorden formannskap	Dato:
----------------	--	--------------

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak:

Formannskapet tar Rekneskapsrapport pr. juli 2022 til orientering.

Bjørnafjorden, den 09.08.2022

Christian Fredrik Fotland
Kommunedirektør

Samandrag:

Alle sektorane meldar framleis om meirforbruk i 2022, og situasjonen ser ut til å ha blitt verre i staden for betre. Pandemi utgiftene, som no er kome opp i ca. 36 mill. kr, er ei stor årsak til meirutgiftene. Det er mogleg at kommunen vil få dekka noko av dette av staten, men det blir i tilfelle ikkje før i desember. Det mest alvorlege ved situasjonen er likevel kostnadsveksten i tildelte tenester. Her må det settast inn tiltak for å snu trenden. Lyspunktet i situasjonen er at det er god vekst i skatteinntektene. Administrasjonen vil kome tilbake til disponering av forventta meirinntekt vedr skatt i 2 tertial 2022.

Økonomi:

Saka gjev styringsinformasjon om kommunen sin økonomiske situasjon.

Klima:

Saka har ikkje innverknad på klima eller miljø.

Folkehelse:

Saka har ikkje innverknad på folkehelsa.

Saksframlegg:

Samlerapport drift 2022 - Juli						
	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Forbruk %	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Forbruk %
Frie inntekter	(740 564 346)	(1 173 946 000)	63 %	(1 040 515 524)	(1 602 475 000)	65 %
Finans	39 108 823	221 284 110	18 %	(31 188 946)	92 332 787	-34 %
Fellesområde	31 536 603	(24 419 410)	-129 %	17 583 917	44 298 000	40 %
Stab	57 010 785	78 472 848	73 %	38 858 157	50 076 000	78 %
Oppvekst	398 864 632	685 450 101	58 %	439 884 990	709 002 000	62 %
Helse og Velferd	(60 153 112)	125 671 027	-48 %	445 506 530	626 933 000	71 %
Samfunnsutvikling	67 497 801	87 487 325	77 %	53 443 309	79 833 213	67 %
Sum	(206 698 814)	-		(76 427 566)	-	

Frie inntekter

Prognose: Frie inntekter ser ut til å auke med ca. 35,8 mill. kr i 2022.

Revidert nasjonalbudsjett for 2022 er no vedteke av stortinget. I revidert nasjonalbudsjett for 2022 er anslag på skatt på inntekt og formue i 2022 oppjustert med 21 mrd. kr samanlikna med saldert budsjett 2022. Av dette gjeld 17,4 mrd. kr primærkommunane. Oppjusteringa skuldast dels ei oppjustering av anslaga for løns- og sysselsettingsvekst, dels at auka utbyter til personlege skattytarar i 2021 inneber auka skatteinntekter i 2022. Det er vedtatt at ein stor del av meirinntektene frå tilpassinga til endra utbyteskatt skal tilfalle staten. Dette skjer ved trekk i rammetilskotet. For Bjørnafjorden kommune er trekket i rammetilskotet 41,5 mill. kr.

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Prognose for skatteinntekter er som nemnt oppjustert, staten legg no til grunn ein vekst på 6,75% mot -2,14% i opprinneleg statsbudsjett. For Bjørnafjorden kan dette utgjere ein vekst i skatteinntektene inkl. inntektsutjamning på ca. 76,2 mill. kr. Prognosen er basert på ny statleg prognose og kommunen sin del av dette ut frå historikk. I «real life» ser skatteinntektene ut til å utvikle seg litt annleis:

I Bjørnafjorden kommune var skatteveksten pr. juli 6,3% (pr. juni 8,7%) medan veksten i landet var 13,4% pr. juni (tal for juli ligg ikkje føre enno). Dette er ein uvanleg stor skilnad for vår kommune som «normalt» ligg omtrent likt/litt under landsgjennomsnittet. Dersom denne utviklinga held fram vil ein høg nasjonal vekst auke inntektsutjamninga til kommunen ut over prognosen over.

Revidert nasjonalbudsjett medfører og andre endringar i kommunen sitt rammetilskot:

- Beredskap for pandemi testing hausten 2022: auke kr 929.000
- Rhesusimmunisering i kommunehelsetenesta: auke kr 6.000
- Finansiering av E-helse løysingar: auke kr 38.000
- E-helse løysingar – overføring til Helsedirektoratet: trekk kr 25.000
- Prisjustering sosialstønad: auke kr 249.000

Kommunedirektøren vil foreslå at budsjetttrammene til sektor Helse og velferd blir justerte i tråd med endringane i revidert nasjonalbudsjett. Likeins vil kommunedirektøren foreslå at trekket i rammetilskot blir budsjettjustert med auka skatteinntekter som motpost. Ein vil kome tilbake til disponering av forventta meirinntekt vedr skatt i 2 tertial 2022.

Andre generelle driftsinntekter

Andre generelle driftsinntekter omfattar integreringstilskot for flyktningar, midlar frå Havbruksfond og rentekompensasjon frå Husbanken. Det er førebels berre delar av integreringstilskotet som er kome inn. Integreringstilskotet er budsjettert i forhold til ordinært mottak av flyktningar. Det vil kome ekstra overføringar i samband med flyktingane frå Ukraina. Midlar frå Havbruksfondet kjem normalt til hausten medan rentekompensasjonen ikkje kjem før i desember. Av desse er det mest spenning knytt til Havbruksfondet, som frå 2022 vil utdele midlar etter nytt fordelingsgrunnlag. I budsjettet for 2022 er det lagt til grunn ein inntekt på 8 mill. kr frå Havbruksfondet.

Finans

Prognose: Finans ser ut til å få eit negativt resultat i 2022, men det vil sannsynlegvis kunne dekkast av avsett bufferfond.

Den langsiktige finansporteføljen har lenge vist negative avkastnings-tal, men i juli er det for første gang på lenge positive tal. Kommunen sin langsiktige finansportefølje har ved utgangen av juli 2022 ein marknadsvardi på kr 153.807.000. Avkastninga pr. juli 2022 var kr – 11.060.000, tilsvarande – 6,7%. Referanseindeksen var – 4,4%.

Ei ev negativ avkastning pr 31.12.2022 vil påverke rekneskapsresultatet. Kommunen har imidlertid avsett eit bufferfond på ca. 35,6 mill. kr som kan dekke ev negative resultat.

Rentenivået held fram med å stige og ny prognose viser at renteutgiftene kan bli ca. 5 mill. kr høgare enn budsjettert i 2022. Det høge rentenivået påverkar imidlertid også inntektssida, og det ser ut til at auken i renteutgifter kan dekkast inn ved auka kalkulerte renteinntekter frå sjølvkostområda, samt auka inntekter frå bankinnskot m.v.

Finansområdet inneheld og Interne finansieringstransaksjonar, som i hovudsak gjeld bruk av fond. Bruk av fond blir ført som ei inntekt, og er årsaka til at rekneskapstalet er negativt.

Fellesområde

Prognose: Fellesområde har risiko for meirutgifter knytt til årets lønsoppgjer, men det vil sannsynlegvis kunne dekkast av avsett lønsreguleringsfond.

Fellesområde omfattar utgifter til Folkevalde organ, Fellesutgifter og Pensjon.

Folkevalde organ ser førebels grei ut, men talet på møter framover vil avgjere om budsjettet held. For Fellesutgifter er det utgiftene til årets lønsoppgjer som er mest spennande. Det kan sjå ut til at budsjettet for å dekke årets lønsoppgjer blir for knapt. Kommunen har frå år med lave lønsoppgjer avsett lønsreguleringsfond som kan nyttast til å dekke meirutgiftene.

Når det gjeld Pensjon er det i år budsjettert med kr 7.960.000 frå premiefond pensjon og kr 10.000.000 i effekt vedr konkurranseutsetting pensjon, t.d. bruk av bufferfond. KLP fekk eit svært godt resultat i 2021 som blir overført til kommunen sine premiefond. Premiefond kan nyttast til å betale framtidige pensjonspremiar. Administrasjonen skal ha gjennomgang med pensjonsleverandørane i slutten av august for å gjennomgå flytteoppgjeret, og vil etter det kome med ei nærare oversikt over status på premiefond/bufferfond og korleis desse kan nyttast framover.

Stab

Prognose: Stab kan få eit meirforbruk på ca. 2,5 mill. kr i 2022.

Mesteparten av det venta meirforbruket gjeld innsparingskrav på 1,5 mill. kr knytt til kommunale innkjøp. Kravet gjeld heile kommunen, men er ført på Stab. Kommunen har i dag innkjøpsavtaler på dei fleste områda, og nye konkurransar medfører som regel ikkje i lågare priser enn før, sjølv om prisane sannsynlegvis er lågare enn om vi ikkje hadde brukt konkurranse som verkemiddel. Stab har meirutgifter til nedbemanning på ca. 1 mill. kr i 2022 (blir ikkje med inn i 2023).

Oppvekst

Prognose: Oppvekst kan få eit meirforbruk på ca. 29,3 mill. kr i 2022.

Skuleområdet ligg an til å få eit overforbruk på 18 millionar (6 av dei pga. covid) i 2022. Det er fleire årsaker til dette:

- Ein gjekk inn i budsjettåret med innsparingskrav det ikkje var konkrete tiltak for, samt manglande kompensasjon for prisvekst. Her gjenstår ca. 5 millionar ein ikkje har klart å redusere per i dag og kor området har vanskeleg for å finne nye tiltak.
- Manglande kompensasjon for og konsekvensar av covid-19 - sjukefråvær og vikarutgifter. Området har fått tildelt 1,85 millionar av restmidlar frå fond, men har framleis nesten 6 millionar i udekkta kostnader relatert til pandemien.
- For høg drift i forhold til budsjett ved fleire skular. Skulane tilpassar seg meir frå hausten, men vil ikkje klare å hente inn alt meirforbruket. Estimerer ca. 5 millionar meirforbruk.
- Auke i elevar med store hjelpebehov frå haust 2022. Fleire skular treng meir ressursar for å møte elevane sine behov for å få skulekvardagen til å gå rundt. Konsekvens av dette er ca. 2 millionar haust 2022.

Kommunale barnehagar meldar om meirforbruk på ca. 0,7 mill. kr i 2022, noko som skuldast sjukefråvær tidlegare i år og den inngåtte nasjonale «koronaavtalen». Meirforbruket er knytt til 3 av 8 kommunale barnehagar. Det er vanskeleg å spare dette inn igjen då vi budsjetterer bemanninga akkurat på bemanningsnorm. Vi har ikkje heilt oversikt over endringane i forhold til nytt barnehageår per i dag.

Private barnehagar: Driftstilskot er utbetalt for 9 av 12 månader, det vil bli gjort ei justering i forhold til endring i barnetal pr. august på utbetaling 01.10.22 (siste kvartal). Vi har ikkje full oversikt over barnetalet for hausten per i dag og har ikkje fått faktura frå Bergen kommune for våren for dei barna som har gått i barnehage i Bergen. Vi legg så langt til grunn at vi klarer å holde budsjettet.

Når det gjeld Styrkingstiltak for barn med særskilte hjelpebehov i barnehagen har vi per i dag finansiering til gjeldande § 37 vedtak, men vi må rekne med at det kan komme nye vedtak etter opptak nytt barnehageår fom 01.08.22 og vi har ikkje reserve til å finansiere nye vedtak.

For Familiens hus rapporterer vi meirforbruk på 10,6 millionar knytt til barnevern. Dette skuldast underfinansiering av barnevernsreforma (oppvekstreforma) og nye plasseringar i institusjon (2 ungd.) og beredskapsheim (3 barn).

I eining Barn, unge og familiar har Flyktingtenesta eit meirforbruk grunna mottak av mange fleire flyktingar enn det som var lagt til grunn i budsjettet. Dette reknar vi med blir kompensert av tilskott frå IMDI.

Førebyggjande helsetenester driftar i balanse.

Helse og velferd

Prognose: Helse og velferd kan få eit meirforbruk på ca. 54,9 mill. kr i 2022.

Innafor pleie- og omsorg held tendensen med høge utgifter fram. Som tidlegare meldt gjer brukargrupper med komplekse sjukdomsbilete situasjonen krevjande både med omsyn til bemanning/kompetanse og økonomi. Pandemiutgiftene utgjer framleis ein del av meirutgiftene for 2022, sjølv om noko blei dekkja i 1. tertial ved bruk av fond. I 2. tertial vil vi ha betre oversikt over korleis sommaren har gått med omsyn til vikarutgifter m.v. Vi opprettheld førebels ein prognose på mogleg meirforbruk på 27 mill. kr, men ser ikkje vekk i frå at biletet kan forverre seg i 2 tertialrapport.

Avdeling for forvaltning og koordinering får truleg eit negativt avvik på ca. 11,5 mill. kr. Dette er i hovudsak knytt til auka behov for Brukarstyrt Personleg Assistanse (BPA) og støttekontaktar, som er eit av dei første tiltaka i «omsorgstrappa» som blir nytta både som individuell teneste og avlastningstiltak.

Legevakt/legetenester ser ut til å få eit meirforbruk på ca. 13 millionar i 2022. Det er fleire årsaker til dette, men hovuddelen gjeld den utfordrande legesituasjonen i kommunen kor det er sett i gang (kostbare) tiltak for å betre situasjonen.

Tilrettelagte tenester for barn og unge kan få eit meirforbruk på ca. 3,2 mill. kr i år, medan Tilrettelagte tenester for vaksne så langt ser ut til å halde budsjettet.

Det same gjeld for Psykisk helse og rus samt NAV, som m.a. har hatt vakante stillingar delar av året og får innsparing på løn.

Eining for Helsefremming og rehabilitering kan få eit lite meirforbruk medan fagstaben kan få noko reduserte utgifter.

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Samfunnsutvikling

Prognose: Samfunnsutvikling kan få eit meirforbruk på ca. 3 mill. kr i 2022.

Vintervedlikehaldet ser ut å bli ei stor utfordring også i år, og det er varsla eit meirforbruk på ca. kr 4 mill.

Brannvesenet meldar om meirutgifter på ca. 3 mill. kr, som relaterer seg til utrykkingar og oppgradering av ny 110-sentral.

Den posten som isolert sett vil få størst «sprekk» er straumutgiftene i kommunale bygg, som ser ut til å bli ca. kr 8 mill. høgare enn budsjettet, avhengig av prisutviklinga framover.

Tiltak:

Generelt nedtrekk av vedlikehaldsbudsjettet på kommunale vegar og bygg med kr 3 mill. Vidare blir det lagt opp til bruk av vedlikehaldsfond på kr 2 mill. Når det gjeld auka straumutgifter så er situasjonen pt at inntekter ved sal av konsesjonskraft vil kunne kompensere for delar av meirutgiftene.

Bjørnafjorden, den 09.08.2022
Ingrid Karin Kaalaas
Økonomisjef